



Radøy Kommune - Andreas Granli

Dato: 07.03.2018
Vår ref.: 2018/7560-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Kulturminnefagleg fråsegn - gnr. 48 bnr. 3 - Solend Søndre - Bygging av landbruksveg

Vi viser til brev datert 06.02.18 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Saka gjeld bygging av landbruksveg på Solend Søndre, Radøy kommune.

Vi har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med omsøkte landbruksveg. Vi har derfor ingen avgjerande merknader i saka, ut over at ein under opparbeiding av vegen søkjer å unngå inngrep i/skade på eksisterande steingard. Samt at ein unngår inngrep i/skade eventuelle andre kulturlandskapstrekk som eldre vegar/stiar og bakkemurar.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.